

## ***KLEPP KOMMUNE***

### ***FORKURS PÅ BRYNE VIDAREGÅANDE***

Oppsummering av kva skulane har gjort for å informera om og motivera elevar til å gå på forkurs hausten 17:

#### **ORRE:**

Rådgjevar tok kontakt med aktuelle elevar. For dei som sa JA, kontakta han heimen og laga avtale. Så sende han brev om «avtale» og forplikting. 3 elevar er påmelde til forkurs på BVS. Rådgjevar følgjer desse første måndagen på forkurset.

#### **ORSTAD:**

Aktuelle elevar vart plukka ut i samråd mellom rådgjevar og kontaktlærarar. Så har ein vore i kontakt med aktuelle elevar. Informasjon til heimen har enten gått via melding eller direkte kontakt ( via kontaktlærar )  
Av 5 aktuelle har 2 meldt seg på . Ein kanskje – om han kjem inn på Bryne. Påmelding gjorde rådgjevar saman med elevane på skulen via påmeldingssida. Rådgjevar har ein avtale med påmelde elevar at ho tar kontakt etter inntak og minner dei på dette. Ved behov vil ho følgja elevane første dag på forkurset. Plakatane FLYING START heng i klasserommet.

#### **BORE:**

Info har vore lagt ut på heimesida, både 10. trinn og rådgjevarsida. Plakatane FLYING START er og lagt ut der. Plakatane heng oppe i alle 10. trinnssromma. Info er tatt opp på generelt grunnlag i alle klassar ved kontaktlærar og den som har dei i UTV.

Rådgjevar og lærar på 10. trinn har tatt føre seg elevane, sjekka ut kor dei har søkt og kor dei trulegast kjem inn. Utfrå dette har skulen blinka ut ein del elevar som ein har jobba tettare inn mot for å motivera til å melde seg på forkurs. Kontaktlærarane har jobba inn mot desse elevane.

Pr 14. juni er to elevar påmelde til forkurs på Bryne vidaregåande skule.

Ei som har søkt helse- og oppvekst var interessert i forkurs på Gand, men der er forkurset berre tilpassa nokre få tekniske utdanningsprogram.

Elevar som er påmelde vil få tilbod om hjelp til å koma seg til Bryne vgs første dag av forkurset.

## **KLEPP:**

Rådgjevar har vore rundt t i klassane og snakka om tilbodet om forkurs. Plakatane FLYING STYART heng oppe i alle klasseromma. Skulen har lagt informasjon om tilbodet ut på MinSkole.

Rådgjevar har fått oversikt over aktuelle elevar frå lærarane.

Før skulestart vil rådgjevar senda SMS til foreldra til dei elevane som skulen meiner kan vera aktuelle til forkurset. I august før forkurset ny SMS om tilbodet.

Etat for skule og barnehage, 14. juni 2017

Knut